



Haugen VVA AS  
Belinda Nesbjørg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2434 - 18/386

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
04.01.2018

## Rammeløyve til etablering av veg, vatn og avløp i planområde - gbnr 172/26 Hopland

### Administrativt vedtak. Saknr: 006/18

**Tiltakshavar:** Seim Bygg AS  
**Ansvarleg søkjar:** Haugen Vva AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om rammeløyve til etablering av veg, vatn og avløp innanfor planområde for Sjøvold bustadfelt.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av avkøyrsløp og interne vegar. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.08.17 og supplert 08.12.17.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Det vart meldt frå til utbygger at saka ikkje kan handsamast som eit-trinns søknad då det ikkje ligg føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp til offentleg veg. Kommunen fekk melding frå ansvarleg søkar 08.12.17, der det vart bedt om at saka skulle handsamast som rammesøknad. Sakshandsamingsfristen er 12 veker frå melding om endra søknadstype.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Sjøvold bustadfelt er definert som samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr. 172/15 ved brev av 14.08.17: Merknad gjeld opparbeiding av va-leidningar

Ansvarleg søkjar har kommentert nabomerknad ved brev datert 16.08.17. Ansvarleg søkjar opplyser at merknadene vert ivareteke ved gjennomføring av tiltak.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplaner sendt inn ved opprinneleg søknad datert 16.08.17.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og avlaup.

Det ligg føre godkjent teknisk plan datert 25.07.17

#### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Eigedomen er per dato ikkje sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.

#### **Terreghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **VURDERING**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Tilkomst**

Det ligg ikkje føre avkøyringsløype til offentleg veg som er Fylkesveg 402. Det må innhentast løyve til utvida bruk av avkøyrsløp til fylkesvegen frå Statens vegvesen før det kan gjevast igangsetting for tiltaket.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Nabomerknad**

Kommunen si vurdering er at merknadene frå nabo er ivareteke.

## Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av veg, vatn og avløp innanfor planområde for Sjøvold bustadfelt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplaner sendt inn ved søknad 16.08.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med godkjent teknisk plan.

Før det vert gjeve igangsetting for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Løyve til utvida bruk av avkøyrsløp til FV 402 frå Statens vegvesen.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Rekkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2434**

## Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM

**Mottakarar:**

Haugen Vva AS  
Haugen VVA AS

Fabrikkgaten 7B

5059

BERGEN